



Vår saksbehandlar:
Gunn Marit Haugsbø

Vår dato:
16.11.2022

Vår referanse:
20/17196-14-FA-A29

Referat samarbeidsutvalet 03.11.2022

Det var kalla inn til møte i samarbeidsutvalet med konstituering i samråd med FAU-leiar Annlaug Birkeland. Møtet vart starta med ei presentasjonsrunde.

Deltakarar:

Emily Jensen Fauske, elevrådsleiar 5-7
Elise Horne Kristiansen, elevrådsleiar 8-10
Ailin Shanks, FAU
Annlaug Birkeland, FAU-leiar
Ingolf Andenæs, tilsettrepresentant
Else T. Kvamsås, tilsettrepresentant
Turid Gjesdal, tilsettrepresentant vara
Gunn Marit Haugsbø, rektor

Forfall:

Lena Kristin Slettermark, politikkrepresentant (møtte ikkje)

Sak 1: Infomrasjon frå elevråda og FAU

Elevråd 8-10 (Elise) fortalde om saker elevrådet har jobba med. Ho trekte særleg fram arbeid med hallaktivitetar, julepynktkonkurransse (arbeid med reglar) og drøfting av sak for at elevane på ungdomstrinnet skal få gå på butikken.

Elevråd 5-7 (Emily) fortalde at elevrådet har arbeidd med følgjande saker: Lekse, hallaktivitet, bruk av caps og hette, klasseball og reglar for bruk. Det vil bli ein prøveperiode der elevane kan nytte caps/hette ut frå reglar elevrådet har laga. Dette er godkjent av rektor.

FAU v/ Annlaug formidla at det er kjekt å sjå at det er godt engasjement i elevråda; viktig for trivselen på skulen. Informasjon om saka om caps/hette og saka der ungdomstrinnet søker om å få gå på butikken vart drøfta i FAU i oktober. FAU har over lang tid arbeidd med trafikktryggleik (hjartesone, trygg skuleveg) og dette vil ein komme tilbake til. Det har også vore møte mellom FAU-representantar og SFO-leiinga (2.11.22). Dette vert opplevd positivt. FAU ynskjer å få til møtepunkt med helsesjuepleiar for å høyre meir om elevane sitt tilbod og dekning. Dei er vidare opptekne av heim skulesamarbeid og aktivitetar på fritida. Dette vil vere faste saker på kvart FAU-møte.

FAU er vidare engasjerte i Helseveka - foreldre ynskjer eit felles foreldremøte i samarbeid med skulen. Vidare oppmodar FAU om at det vert lagt informasjon (lenke) om busskort lett tilgjengeleg på heimesida. Det vert også sagt at det har vore veldig godt oppmøte på FAU-møta og at foreldrkontaktane er engasjerte.

Sak 2: Konstituering av leiar

Samarbeidsutvalet (SU) valde Elise Horne Kristiansen til leiar. Både FAU-leiar Annlaug Birkeland og sekretær for SU, Gunn Marit Haugsbø, vil bidra til at Elise får god hjelp i arbeidet.

Sak 3: Sak frå elevråd 8-10

Elise innleia til drøftinga: Elevar på ungdomstrinnet har tidlegare fått gå på butikken når dei har gløymt å ta med mat. Elevrådet har jobba med argumentasjon og det vart sendt søknad til rektor som møtte til drøfting i elevrådet. Det er meint at butikkordninga skal gjelde dagar der det ikkje er kantinedrift på ungdomstrinnet. Dersom det ikkje er mogeleg for alle klassar på ungdomstrinnet ynskjer elevrådet at det kan vere ei ordning for 10.trinn. Det har også vore drøfta om det kan prøvast ut ein periode.

I møtet kom det fram synspunkt:

I elevrådet vart det drøfta om elevar kunne utnytte mulegheita. Elevane føreslo at det kunne vere ein vaksen som følgde elevane til butikken. Konklusjonen på dette var at det er vanskeleg å frigjere vaksne samtidig som det skal avviklast matpause og det er behov for trygge vaksne ute i friminuttsaktivitetar.

Ailin stilte spørsmål ved kvifor er det ikkje er kantine kvar dag – det krev ressursar å halde kantinedrifta oppe og då blir det ei prioritering om ressursane skal nyttast saman med elevane i opplæringa eller til sosiale tiltak. Skulen prøver å få til begge deler. I tillegg er kantinedagane fordelte mellom barnetrinnet og ungdomstrinnet. Det kan vere krevjande å berekne kor mykje varer ein skal kjøpe inn om ein ikkje veit kor mange som haldlar.

FAU rosa elevrådet for engasjementet. Samtidig var foreldra urolege for press på bruk av pengar. Dei fleste har med seg niste, noko som er god læring. Kjøpepress kan skape nokre utfordringar. Elevane syns kjøpepress er eit dårleg argument. Ingen får pes for at dei har med matpakke. Foreldrerepresentantane ser at elevane har gode argument, men dei er likevel skeptiske. Det vert også uttrykt at det er uoversiktleg med omsyn til trafikk, og at skulen har ansvar for elevane når dei er på skulen. Såleis er det mange omsyn å ta.

Ingolf seier han gjerne skulle støtta saka som kjem frå elevane, og han håpar det kjem andre saker. Det er vanskeleg å støtte elevane i denne saka. Det er ein verdi at elevane sit saman og et maten sin. Dette er viktig i klassemiljøarbeidet. Det er sjølv sagt ei utfordring at nokre gløymer mat. Skulen har ei ordning med knekkebrød dersom nokre har gløymt mat. Det sentrale argumentet er at nokon har ansvar for elevane når dei er på skulen. Turid formidlar at det også kan vere ei utfordring å rekke attende til skulen. Skulen har også fått tilbakemelding frå kyrkjekontoret om at det er uheldig at elevar går over kyrkjegarden i skuletida. Det er ikkje ei god oppleving om det t.d. skjer under ei gravferd.

FAU ynskjer at det blir jobba med alternativ – t.d. fryse ned pizzasnurrar; ha nokre varer tilgjelgeleg for kjøp på dagar der det ikkje er kantine. Elevane formidlar at dei er fornøgde med utvalet i kantina. Det er viktig at alle får i seg mat, men det bør ikkje vere for freisatane å gå frå skulen for å handle.

Det vart også drøfta tilgang til microbølgjeovn. Klassane kan ha microbølgjeovn på klasseromma, men den felles microbølgjeovnen er stengt av verneombodet.

Konklusjon: Samarbeidsutvalet kan ikkje støtte elevrådet sitt ynskje om at elevar skal kunne gå på butikken når dei har gløymt mat. Det vert oppfordra til å arbeide vidare med alternativ slik at elevar kan få tilgang til mat på skulen sjølv om dei har gløymt maten sin.

Det er skrive ei veldig god sak med gode argument frå elevråd 8-10. SU rosar elevane for engasjementet, og det vert presisert at ein ynskjer å støtte alle saker som er godt gjennomarbeidet.

Sak 4: Drøfting av trafikktryggleik

Saka handlar om av- og påstiging nede ved skulen og oppe ved parkeringsplassen. FAU og SU har jobba for å få på plass skilting. Annlaug formidlar at ho trudde vi hadde god dialog med Sunnfjord kommune, og det var lovd at skilta skulle vere på plass til skulestart hausten 2022. FAU var ikkje klar over at Vegvesenet hadde gitt avslag; dette fekk ein vite gjennom ein journalist. Kommunalsjef Åge Stafsnes har sendt vidare eit dokument som kommunen fekk i mai 2022. Der stod det at det ikkje var rett avstand frå krysset til skiltet, og at dette var grunnen til at kommunen fekk avslag på søknaden. Stafsnes har lovd å ta saka vidare og ordne opp.

SU avventar at dette kjem på plass. Det har vore arbeidd lenge med denne saka, og såleis treng vi få den avrunda. Det vil ta lang tid før det blir hjartesone kring naustdal skule, så dette vil vere eit viktig tiltak for å løyse noko av trafikutfordringane vi ser.

Neste møte er sett til torsdag 8.12.22, kl 14.45 – 15.45. Det vert sendt kalenderinnkalling, og sakliste blir lagt i denne før møtet.

Referent:

Gunn Marit Haugsbø
einingsleiar